



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo



Dykkar ref

Vår ref

Dato

2008/3466-PEH

27.02.2009

## **Framlegg til endringar i universitets- og høgskulelova. Høringsuttale frå Universitetet i Bergen.**

Vi viser til departementets brev av 15.01.09, der det vert bede om høringsuttaler til eit framlegg om endringar i universitets- og høgskulelova.

Universitetet i Bergen vil her særleg konsentrere seg om framlegget til endring i § 4-7 (1), om disiplinærreglar for ph.d.-kandidatar. I tillegg vil vi komme med nokre merknader som gjeld § 2-1 og NOKUT, og endeleg vil vi kort kommentere nokre andre punkt.

### **Ph.d.-kandidater og disiplinærreglar**

Departementet gjer framlegg om å bytte ut "studenten" i § 4-7(1) og i § 3-9(1) og i § 3-9(1) med "kandidaten"/"kandidatenes", men meiner at § 4-8 bør vere uendra. Grunngevinga er i korte trekk at det dermed skal bli klart at også ph.d.-kandidatar kan bli råka av annullering dersom dei forsettleg eller grovt aktløyst fuskar på eksamenar o.a. som er ledd i den såkalla opplæringsdelen, men at sanksjonen utestenging ikkje bør kunne brukast overfor desse, fordi dei også er tilsette. Universitetet i Bergen har innvendingar mot dette på to punkt.

Universitetet i Bergen har vedteke ein handlingsplan for forskarutdanninga, der det mellom anna går fram at den alminnelege nemninga på dei som er i ferd med å gjennomføre eit ph.d.-program er "ph.d.-kandidat". Dette er etter vår oppfatning ei god og tenleg nemning. Dersom poenget er å gjere det klart at disiplinærreglane også gjeld for ph.d.-kandidatar, vil det enklaste og mest presise vere å tilføye "ph.d.-kandidat" i dei aktuelle paragrafane og behalde "student".

Vi er samde i at vurderinga i ei eventuell utestengingssak etter uhl. ikkje kan sjåast isolert frå ph.d.-kandidatens tilsetjingsforhold. Det vil vere krevjande med ei totrinnshandling der først klagenemnda vedtek utestenging og arbeidsgjevaren deretter vurderer disiplinærtiltak etter tenestemannslovgjevinga, men etter vårt syn er det likevel ei ordning som er fullt mogleg å handtere forsvarleg. Det kan jamvel vere ein føremon å behandle slike saker i to omgangar, fordi klagenemnda har røynsle med fuskesaker, medan personaladministrasjonen har røynsle med disiplinærsaker etter tenestemannsreglene.

Eit større problem er likevel at ikkje alle ph.d.-kandidatar er tilsette ved institusjonen der dei er tekne opp til ph.d.-programmet. Her er ei skjematisk oversikt over dei viktigaste variantane:

Telefon 55580000  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)  
Internett [www.uib.no](http://www.uib.no)  
Org no. 874 789 542

Universitetsdirektørens kontor  
Telefon  
Telefaks 55589643  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Museplass 1  
Bergen

Sakshandsamar  
Per Gunnar Hillesøy  
55582029

### 1. Både ph.d.-kandidat og stipendiat.

Dette er den største gruppa. Desse har ei dobbel tilknytning til universitetet eller høgskulen; dei er både tilsette i ei mellombels stilling som stipendiat og dei er tekne opp i eit ph.d.-program. Dei er dermed underlagt både tenestemannslova med forskrifter og det lokale ph.d.-reglementet.

### 2. Ph.d.-kandidat og tidlegare stipendiat.

Dette er og ei gruppe av ein viss storleik. Det typiske er at ph.d.-løpet ikkje vert fullført før tilsetjingstida går ut. Ein del av desse held fram ved universitetet eller høgskulen, medan andre går over i anna arbeid. Mange held også fram med ph.d.-prosjektet sitt, men ikkje alle. Gruppa er i det heile ueinsarta.

### 3. Ph.d.-kandidatar tilsett andre stader.

Dette er eit felt som har endra seg i dei seinara åra. Det var tidlegare nokså vanleg at ein del stipendiatar var opptekne ved doktorgradsprogrammet på universitetet, og hadde sin daglege arbeidsplass der, men var tilsett hos finansieringskjelda, t.d. Kreftforeininga. Dette har no blitt endra, og dei aller fleste i denne kategorien er no tilsette ved same institusjon som har teke dei opp til ph.d.-programmet, uavhengig av korleis finansieringa har komme til. Det er svært positivt.

Derimot har det etterkvart blitt vanlegare at ph.d.-kandidatar er tilsett ved ein høgskule eller hos ein arbeidsgjevar i instituttsektoren som ikkje har eige doktorgradsprogram innanfor det aktuelle fagfeltet. Desse blir då opptekne ved eit universitet eller ein høgskule som har eit slikt program, men kandidatane har sin daglege arbeidsstad hos arbeidsgivaren.

### 4. Ph.d.-kandidatar på kvoteprogrammet.

Dette gjeld kandidatar som får støtte etter § 2-4 i forskrifta om studiestøtte. Det varierer mellom universiteta kor mange i denne kategorien som er på ph.d.-program, men Universitetet i Bergen har ein sterk og langvarig tradisjon for å bruke kvoteordninga aktivt. Vi har såleis relativt mange ph.d.-kandidatar på kvoteprogrammet. Desse har alltid vore rekna som studentar i høve til utdanningsstøtteleova og samskipnadslova. Vi legg til grunn at det vil halde fram. Dei har såleis berre ein type formell tilknytning til UiB; som studentar.

Dette viser etter vår meining at departementets skildring av situasjonen ikkje alltid vil treffe, fordi slett ikkje alle ph.d.-kandidatar er tilsett som stipendiatar ved same institusjon som dei er ph.d.-kandidatar ved. Departementets framlegg vil såleis føre til ein ulikskap som etter vårt syn er vanskeleg å gi gode grunnar for. Samla sett meiner vi at det rette vil vere at alle ph.d.-kandidatar, utan omsyn til tilsetjingsforholdet, må kunne rammast av både annullering og utestenging. Vi ser det og slik at dette er rettstilstanden i dag.

Vi har ikkje innvendingar mot at disiplinærreglane berre vil gjelde for opplæringsdelen, medan fusk i doktorgradsavhandlinga vert handsama etter forvaltningslova og dei lokale ph.d.-reglane. Dette er ei nyttig avklaring, og det bør vurderast om regelen skal takast inn i lovtæksten.

Avslutningsvis under dette punktet vil vi nemne at det i praksis er lagt til grunn at fuskereglane kan brukast ikkje berre ved tradisjonelle skriftlege eller munnlege eksamenar, men også på andre former for obligatoriske arbeid, i tråd med departementets brev til Høgskulen i Østfold 20.04.06. Dette må vere det same for studentar som for ph.d.-kandidatar

## NOKUT

Departementet gjer i høringsnotatet utførleg greie for framlegget som gjeld status og oppgåver for NOKUT. Vi merkar oss særleg understrekinga av at NOKUT i framtida aktivt og i større grad enn hittil skal bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Dette er i samsvar med tilrådingane frå den internasjonale komiteen som evaluerte NOKUT, datert februar 2008. For å oppnå ein slik effekt av NOKUTs arbeid, rådde imidlertid den internasjonale komiteen bl.a. til å redusere noko av det som er blitt oppfatta som kontrolloppgaver frå NOKUT si side. Ikkje minst signaliserte komiteen at reakkreditering av studieprogram ikkje bør være noka sentral oppgåve: "The evaluation team believes that system-wide-re-accreditations should not be conducted, at least not on a regular basis, as they are very resource-demanding and bring issues of equality rather than quality to the fore". Midlar til akkreditering av studieprogram bør primært nyttas, meinte komiteen, bare der det kan være trong for det, jf pkt B, s. 54 i "Report 2: NOKUTs national role". Dette er ei vurdering som vi sluttar oss til. Reakkreditering er ressurskrevjande, ikkje minst for fagmiljøa, og vi ser at slike oppdrag fort legg ein dempar på motivasjonen i fagmiljøa for å vidareutvikle sin eigenart. Arbeidet med kvalitetssikringssystemet ved institusjonane må heile tida stille spørsmål ved om dei enkelte kontroll-og rapporteringsoppgåvene er nødvendige og føremålstenlege.

Vi vil ikke gjere framlegg om endringar i lovteksten, men finn at dette momentet frå den internasjonale komiteen ikkje er trekt klart nok fram og vektlagt i høringsnotatet. Vi meiner at den internasjonale evalueringskomiteens poeng bør følgjast opp av NOKUT i deira framtidige strategi og at det derfor bør framhevast av departementet i førearbeida når lovframlegget kjem til Stortinget.

På dette grunnlaget er vi også generelt skeptiske til omfattande reakkreditering av fagområde, som for juss og odontologi i 2007-08.

## Andre merknader

Universitetet i Bergen stør framlegget om å endre forskriftene til spesialisthelsetenestelova, slik at det der vert konkretisert kva som skal til for å bruke nemninga "universitetssjukehus". Likeins er vi positive til framlegget om å ta inn ansvaret for norsk fagspråk i lova, men vil foreslå ei lita utviding i høve til departementets tekst, slik:

**"Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk i undervisning, forskning og formidling."**

Vi legg og til grunn at det her er tale om eit nytt ledd i § 1-5, og ikkje ein heilt ny paragraf.

I § 10-4 (1), andre setning, ser det ut til å vere ein skrivefeil: "...minst to tredelav...." skal antakeleg vere "...minst to tredeler av ...".

Utover dette har vi ikkje merknader.



Sigmund Grønmo  
rektor



Kari Tove Elvbakken  
universitetsdirektør